

ETTERTANKE OG BØN

21..MARS 2020

Slik ber eg no for dei eg kjenner som er i risikosonen for å døy av korona:

Gode Gud og Far!

Eg ber i Jesu namn om at du skal verna (og her nemner eg namna på dei som eg kjenner eg skal be for) mot koronaviruset sine herjingar. Bevar dei heilt smittefrie og skadefrie gjennom denne tida. Velsign og bevar dei alle, lat ditt andlet lysa over dei og ver dei nådig, løft ditt åsyn på oss og gje dei fred. Amen!

Eg ber om vern for alt helsepersonell som jobbar med smitta og sjuke

Eg ber om at folk i dette skal søkja deg, ikkje berre for helse, men mest for frelse.

Så ber eg om at dette viruset skal underordna seg din autoritet, og døy ut overalt der det no krev sine offer.

I går var det ein mann eg kjenner som tok kontakt med meg. Han er ein god mann med høgt truverde, så langt eg forstår. Han hadda vakna i dag morgon og kjent på seg at Noreg ville få tilbod om hjelp frå utanfrå landet for å møte den situasjonen me no er i, men at dei som kom til å tilby denne hjelpa ville vera profittjegarar som ikkje hadde gode hensikter.

Så skjedde også det i går at det kom eit tilbod frå ein amerikansk storbank om kriselån til Norges Bank, truleg for å styrka krona som er i fritt fall.

Det er ikkje lett å vita korleis me skal bedømme dette, men det luktar litt profetisk av det mannen skreiv til meg. Me ber slik:

Far i himmelen! Me ber no om at dei som styrer finansane i dette landet skal halda hovudet kaldt og få eit krystallklårt inntrykk av kva som er rett å gjera med tanke på økonomiske disposisjonar framover, og under ein kvar omstendighet ikkje la seg freista til raske ugjennomtenkte løysningar.

Så ber me om at dette landet og dette folket skal orientera seg mot deg, slik at me kan dra nytte av di velsigning i tida som kjem. Amen!

Tilhøva for dei kristne i Kina vert stadig tøffare.

President Xi har nedlagt forbod mot kristne gravferder. Han gjer dette for å hindra at gravferdene vert ein plass der evangeliet får lyda slik at nye menneske kan få sjansen til å venda om til Kristus. No er det Xi mot Jesus i Kina. Å bryta forbodet medfører strenge straffer.

Herre Jesus Kristus! Du veit kor viktig gravferdsrituala er for kinesarane. Me ber deg om at du skal hjelpa dei kristne å tenkja kreativt med tanke på å få til kristne markeringar når nokon i kyrkjelydane døyr.



I Shandongprovinsen har styresmaktene lagt ned forbod mot all internettforkynning. For dei truande har nettet blitt viktig, ikkje minst i samband med alle restriksjonar som er pålagt dei den siste tida, både før og etter korona. Styresmaktene har bestemt seg for å tyna kyrkja og den store vekkjinga i

landet.

Gode Gud! Du har sagt at dødsrikeportane ikkje skal få makt over kyrkja di. Du er sjølv ein garantist for det. Og no ber me om at du skal gje dei truande i Kina, og i særleg grad leiarane deira, visdom, kraft, mot og leiing i tenesta med evangeliet, både med tanke på å ta vare på kvarandre, og med tanke på å vinna nye menneske for Jesus Kristus. Og me ber for Kinas politiske leiing om at du skal velsigna presidenten og alle hans medarbeidarar, og me ber om at du skal opna augo deira slik at dei ser kven dei utfordrar med sin meiningslause og fåfengde kamp mot evangeliet.

Pakistan: Rettshøyring utsett.



Den 14 år gamle Huma Yonus er fødd og oppvaksen i ein kristen heim. Den 10. oktober vart ho kidnappa, køyrd 600 km frå heimen sin, tvangskonvertert til islam og tvangsgifta med ein muslimsk mann. Dette er noko som skjer ofte med kristne jenter i Pakistan, til stor sorg for familieane deira.

Foreldra til Huma Yonus melde saka til politiet, og det vart beramma ei rettshøyring den 4. mars. Jenta sjølv var ikkje til stades i retten denne dagen. Foreldra hennar la fram attestar som prova at Huma var mindreårig. I dette sjuke landet er det ikkje forbode for muslimske menn å kidnappe kristne jenter, men jentene må vera over 18 år før dei har lov å gifta seg med dei.

Etter litt om og men, bestemte domaren seg for å utsetja saka til Huma Yonus til 25. mars, slik at kidnapparane skulle få ein sjanse til å finna prov på at Huma er over 18!!!! Foreldra hennar er djupt fortvila og sinte, og kjenner seg hjelpelause.

Herre Jesus Kristus! Me ber om rettferd for Huma Yonus og foreldra hennar. Må domaren som skal fatta avgjer i denne saka syna seg som ein rettskaffen mann og beordra jenta heim att. Og me ber om at kidnapparane hennar skal få ei høveleg straff for å ha frårøva henne fridomen og påført foreldra hennar sorg og fortvilning. Gode Gud! Me ber om at parlamentet i dette landet skal vedta lover som beskyttar kristne jenter mot kidnapping og slike overgrep som dette. Me ber i ditt namn. Amen!